



HÅ KOMMUNE
ETAT FOR SKULE OG KULTUR

BARNE- OG FAMILIEDEP	KASS
ARKIVNR: 330.21	AR.
31 OKT 2005	
SAKS NR. 2005/03580	SIGN. 033
SAKSNR	

Det kongelige barne- og familiedepartement
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
04/02460-012
018795/05 ASK

Arkivkode
A10 &13

Stad/Dato
Varhaug, 28.10.2005

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - HØRING - FORSLAG TIL REVIDERT
RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN**

Utval for levekår behandla i møte 26.10.2005 sak 0074/05. Følgjande vedtak blei fatta:

Hå kommune har fylgjane kommentarar til rammeplanen, som vist i saksframlegget.

Med helsing
Hå kommune

Astrid Skretting
Astrid Skretting
konsulent

Vedlegg: Saksframlegg

Postadresse:
Postboks 24
4368 VARHAUG

Kontoradresse:
Rådhusgata 8
4360 VARHAUG

Internett:
skule@ha.kommune.no
www.ha.kommune.no

Telefon:
51793070

Telefaks:
51793003

Org.nr:
964 969 590

**HØRING - FORSLAG TIL REVIDERT RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN**

Saksbehandlar:	Astrid Skretting	Arkivkode: A10 &13
Arkivsaksnr.:	04/02460	

Utvalsak	Utval	Møtedato
0118/04	Utval for levekår	15.12.2004
0121/04	Formannskapet	16.12.2004
0074/05	Utval for levekår	26.10.2005

Vedtak i Utval for levekår den 26.10.2005:

Hå kommune har fylgjane kommentarar til rammeplanen, som vist i saksframlegget.

Behandling i Utval for levekår:

Rådmannen si innstilling blei samrøystes vedtatt.

Rådmannen si innstilling:

Hå kommune har fylgjane kommentarar til rammeplanen, som vist i saksframlegget.

Vedlegg:

Høyringsnotat, Revidert rammeplan for barnehagen

Bakgrunn for saka:

Barne og familiedepartementet har sendt revidert rammeplan til høyring til mellom anna kommunane med høyringsfrist 7. november.

Rammeplanen er ei forskrift til barnehagelova og den nye lova trer i kraft 1.1.06.

Vurdering:

Den nye rammeplanen er mykje kortare enn den gjeldane, men dei sentrale prinsipp er foreslått ført vidare. Syn på barn og barndom, eit heilskapleg læringsomgrep og barnehagen sin eigenart som arena for lek, omsorg, oppdraging og læring.

Rådmannen meiner at den nye rammeplanen må sjåast i samanheng med læreplan for grunnskulen når planane i begge institusjonane vert reviderte.

I skulen går ein meir i retning av metodefridom for pedagogane medan ein i denne nye planen for barnehagen set meir krav til metodebruk.

Rådmannen synes at det er bra at planen er ein plan som inkluderar alle barn og ikkje trekkjer fram nokon spesiell gruppe, funksjonshemma, framandspråklege. På same måte burde og samiske barn vore omtalt.

Ei gruppe som ikkje er nemnd, men som er ei utfordring i barnehagane framover, er dei minste barna. Tale på barnehagebarn i denne aldersgruppa aukar sterkt, og det burde vore noko meir fokus på denne gruppa.

Barnehagen sine fagområder

Det er bra med klare mål for kva barna skal lære og oppleve på dei ulike fagområda.



Men det verta for mykje styring av metodikken med så mange prosessmål som er beskrive under kvart fagområde.

Planlegging

Det står beskrive detaljert kva årsplanen skal innehalda. Dette kan verta for detaljert sidan vi oppfattar ein årsplan som ein plan med klare satsingsområde for komande år.

Både barn sin medverknad, hendingar og faste tradisjonar bør vera med i ein plan. Dette bør heller med i ein plan/oversikt over tema som vert arbeidd med kvart år. Det bør derfor i større grad vera opp til kvar kommune å seia kva barnehagen sin årsplan skal innehalda.

Dokumentasjon som grunnlag for refleksjon og læring

I høyringsdokumentet står det at dokumentasjon knytta til einskildbarn berre kan nyttast i høve til barn med spesielle behov.

Ein kan ikkje sjå korleis ein skal kunna arbeida i høve til barnehagen sin formålsparagraf, innhaldsbestemmelser og gje tilpassa opplæring, dersom ein ikkje skal kunne arbeida målretta i høve til kvart einskild barn i barnehagen. Innsamla informasjon skal sjølvsagt ikkje misbrukast, men departementet bør sjå på ordlyden i teksten her.